

Strategiprosess for UiS – innspel frå faglege einingar

I styresak UiS 80/19 fatta stryket følgjande vedtak: «Styret ber rektor om å iverksette ny strategiprosess med mål om å vedta ny langsiktig strategi for UiS.»

Hausten 2019 er det sett i gang ei evaluering av universitetet sine tidlegare strategiar (2009-2019). Vidare vil rektor leggje fram ei sak til universitetsstyret i desember 2019, med forslag til organisering av strategiprosessen, framdriftsplan, samt foreløpig resultat av evalueringa. I tillegg etterspurde universitetsstyret under handsaming av sak UiS 80/19 det dei kalla for «headinger» eller overskrifter til å ta med seg inn i strategiseminarer sitt i februar neste år.

Rektor ser føre seg følgjande fem overskrifter:

- Eit opnare universitet
- Kvalitet og konkurranseevne
- Store samfunnsutfordringar
- Tverrgåande satsingar
- Faglege temasatsingar

Med utgangspunkt i desse overskriftene ønskjer rektor å invitere fakultet og museum til å skildre sitt utfordringsbilette i eit 10-årig perspektiv. Skildringa bør vere kortfatta, gjerne i punkter.

Rektor sine presiseringar:

Eit opnare universitet

- Eit meir ope universitet har to sider
 - Å gjere UiS meir synleg for dei viktigaste interessentane i verda rundt oss
 - Å gjere UiS meir merksam og responderande på utviklinga i verda rundt oss
- Korleis kan ein arbeide for å betre samspelet med omverda i desse to dimensjonane?
- Kan 'Eit opnare universitet' ha andre perspektiv som bør trekkast inn i strategidiskusjonen?

Kvalitet og konkurranseevne

- Kvalitet handlar om å møte krav og forventningar hos våre viktigaste interessentar
 - Studentar, tilsette, eigarar, lokale og nasjonale styresmakter, arbeids- og næringsliv
- Korleis kan ein forsikre seg om at leveransar frå UiS faktisk er i tråd med krav og forventningar?
- Kva må til for å heve kvaliteten i kjerneaktivitetane våre (utdanning, forskning, innovasjon og samfunnskontakt)?

Store samfunnsutfordringar

- Universiteta blir i aukande grad forventa å møte store samfunnsutfordringar
 - For å gjere seg relevant og attraktiv for rekruttering av studentar og tilsette
 - For å posisjonere seg for eksterne forskingsmidlar (Horizon Europe og NFR)
- Kva for utfordringar er UiS best posisjonert for å konsentrere seg om?
- Kva for føringar bør dette perspektivet legge for den interne prioriteringa av ressursar?

Tverrgåande satsingar

- UiS sin strategi for perioden 2017-2020 er samla rundt tre tverrgåande satsingsområde:
 - Samfunnsutvikling og innovasjon
 - Internasjonalisering

- Digitalisering
- Kva er dei viktigaste fordelane med å samle UiS sin strategi rundt tverrgåande satsingsområde?
- Kva går ein glipp av ved å samle UiS sin strategi rundt tverrfaglege satsingsområde?
- Kva er dei fremste kandidatane til tverrgåande satsingsområde for den komande tiårsperioden?

Faglige temasatsingar

- Kva er dei viktigaste fordelane med å samle UiS sin strategi rundt faglege temasatsingar?
- Kva går ein glipp av ved å samle UiS sin strategi rundt faglege temasatsingar?
- Kva er dei fremste kandidatane til faglege temasatsingar for den komande tiårsperioden?